



På dette bildet kan ein sjå 4 av dei 5 husa som no er under restaurering

**Nina tok Sjøhuset på Neset, men gjorde ikkje familien Hermansen motlaus. Det store restaureringsprosjektet for gardsnummer 123 og bruksnummer 389 vert gjennomført likevel og målsettinga er fullføring til sommaren. Det omfattar 5 av 8 hus der det eldste skriv seg heilt frå slutten av 1700-talet. Ein kan dermed slå fast at det er ein ubrotten slektstradisjon på meir enn 200 år som no vert ført pietetsfullt vidare. Det er ein imponerende satsing av familien som bur i Solheimsviken sentralt i Bergen. Heretter vert dei enda meir å sjå i Uskedalen!**



Dag Hermansen ved kårstugua

Familien innrømmer at det var eit sjokk då orkanen tok Sjøhuset, men Dag Hermansen opplyser at det på sikt vil verta reist eit naust på den same staden og truleg i same stil.

5 hus med tun er skilt ut og inngår i det prosjekt som no er under gjennomføring. Det er hovedhuset som får eit tilbygg på 50 kvadratmeter med front mot Stølavikjo, stabburet, vedhuset, eldhuset og kårstugua. Tilbygget får ein meir moderne utforming enn dei andre husa i tunet.

Familien har henta den antikvariske ekspertise på Austlandet, nærare bestemt hos fylkeskonservatoren i Hedmark der Tore Lahn legg for dagen stor entusiasme for prosjektet og gjev strenge råd. Det er Teigenbygg som gjennomfører det bygningsmessige.

3 søsken er saman om dei 3 siste husa. Det er lòa, Sjøhuset som vart ein vedhaug og gammelnaustet som truleg skriv seg frå 1770-åra. Det er allereie opparbeida ein rommeleg parkeringsplass for dei gamle husa.

- Kan vi rekne med at familien flytter til Uskedalen etter denne satsinga?
- Ikkje umiddelbart, er svaret.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen